

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

Juni 2022

Årgang 88 år



Foto: Vigdis Øvreeide

Konfirmantane i Fusa sokn 2022

Fusa kyrkjeblad 1922 - 2022

Leser: Smårytt, s. 2	 FUSA KYRKJEBLAD
Barneside, "Drøgt pluss Bokstjerne- konser", s. 3	Nr. 3 Mai 1998 64. årgang
8. mai 1998, Sorggruppe, s. 4	V årens vakraste? 
Straandvik kapell: Tre, blå og appelsin, s. 5	Konfirmantar i Hålandsdal 3. mai
Nytt frå skolerådet, Statkyrkje og Fuskkyrkje, s. 6	
Leve minjens foreninga	Konfirmantar i Sundvor, 10. mai
Baksida	



TAKK!



FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiars/ass. kyrkjevevje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjevevje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjør 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONEN:
Kyrkjekontoret
v/Hans Einar Markhus

Kyrkjebladet 100 år

1922–2022 – Del 3

Av Toril Hjartåker Hauge og Hans Einar Markhus

⑧ Redaksjonsnemndene si tid 1984–2022

Bladet hadde hatt redaksjonar frå 1956; det nye frå 1984 var at bladnemnda skulle styra pressa åleine, og fyrst ute var Anne Martinsen, Leon Eriksen, Åshild Lie Vilkenen og kasserar Lars Holdhus. I løpet av dei neste 37 åra, det vil seia fram til i dag, har det vore 19 ulike personar innom redaksjonen. Somme var med berre i eit nummer eller to, andre sat i ei årrekkje, og blant desse er det tre som merkar seg så markant ut at me vil laga ein liten sigerspall for dei. For å halda lesaren nokolunde vaken, lar me deg berre få vita initialane deira, så kan du sjølv tenkja etter kven det kan vera. Dersom du ikkje har peiling, får du hint seinare i teksten der namna til dei tre blir nemnde fullt ut.

Slik ser pallen ut: På 3. plass med **14 år** i redaksjonen finn me **AH**, på andreplass med **19 år OBE**, og øvst med **22 år HGS**. Saman med dei 16 andre har desse tre gjort bladet stadig fyldigare og meir fargerikt, for gjennom heile perioden var det gjengs at det meste som stod på trykk, kom frå folk i nemndene.

Frå 1995 til 2004 hadde bladet ein redaktør i tillegg til nemnd, den fyrste tida Leon Eriksen, den siste tida Ole Bjørn Eikeland. Deretter gjekk rolla som ansvarleg redaktør over til den som til ei kvar tid var soknerådsleiar. Det var fyrst Bjarte Samnøy, så Hans Magne Kvåle, Bodil Samnøy, Randi Hauge, Roald Samnøy og Sigbjørn Sundfjord, som styrer rådet i dag. Desse har ikkje lagd seg mykje borti bladnemnda og skribentane sitt virke, men har altså hatt formelt mynde til å seia frå dersom dei meinte bladstyret var i ferd med å mista grepet.




DETTE HAR HENDT:

Når me møter Fusa kyrkjelydsblad i 1984, er det blitt 62 år gammalt. Det har skifta målform og namn éin gong og redaktør sju gonger. Det har opna seg opp for både illustrasjonar, fotografi, vitsar og reklameannonser, og det har tatt imot stadig fleire bidragsytarar. No skal det inn i ein ny tidsalder, i alle fall formelt sett: No skal ikkje lenger presten sitja i sjefsstolen, men redaksjonsnemnda. Merkar lesarar eit slikt skifte, mon tru?

Bladet kler seg om

Før me går vidare inn på 80-talet, vil me oppmoda lesaren til å sjå for seg bladet som ein kropp, for mykje av det som skjedde då, var av fysisk art. I det fyrste nummeret etter at nemnda tok over for presten, hadde bladet vakse med knappe 9 cm. Den høgda heldt det berre i to nummer, så sakk det ned att til A5-forma, men i 1991 strekte det seg opp att til A4 og har heldt seg der oppe til i dag. Også i vidde vaks bladet. Frå fødselen i 1922 var det 4 sider til kvardags, og vart feita opp til 8 eller 12 i høgtidene. Då bladet nærma seg førti år, la det seg ut til 8 eller 12 sider også i vanlege nummer, og no på 80-talet, då det bikka seksti, vart det berre fyldigare og fyldigare, stundom heilt opp til 28 sider, ei sju-dobling av tyngda det hadde hatt i ungdomen.



Nr. 5 1987.

Kleda på denne frodige kroppen vart også nye. Dei hadde til no vore i svart-kvitt, med nokre enkle fargar til best, det vil seia til jul og påske. På 80-talet fekk bladet fargar på seg gjennom heile året, og ikkje berre på bokstavane; heile omslaget var no av fullfarga papir. Som ei kappe låg det rundt resten av bladet og gjorde det svært synleg i postkassane. Kappene veksla mellom å vera gule, oransje, grønne, kvite – og til jul alltid raude. Litt etter litt vart også resten av kleda kulørte. Fargefoto kom inn frå 1995, men på grunn av kostnadane måtte bladet lenge nøya seg med farge på fire av sidene. I 2014 bestemte soknerådet seg for å kle bladet skikkeleg opp. Det sette seg føre å auka talet på annonsørar frå 13 til 24, og då det målet var nådd, kunne bladet tre fram med farge frå inst til ytst.

Eit anna fysisk skifte, om enn ikkje like iaugefallande som høgde, vekt og farge, var at bladet kasta av seg eitt av plagga det hadde bore sidan fødselen. I fyrste nummer av 1984-årgangen er salme-sitatet på framsida vekke.

«Samles vi kan da med vår drott selv i den laveste hytte, finne med Peter der er godt, tok ei all verden i bytte. Ånd er og liv i allen stund ordet til oss av Jesu munn: ordet kun helliger huset.»

Vers 4 i salmen «Kirken den er et gammelt hus», tekst N.F.S. Grundvig (1837), melodi H. Lindeman (1840)



I 61 år hadde strofa følgd bildet av Holdhus-kyrkja; frå fyrste nummer i 1984 stod kyrkja der åleine, og framsida fekk større rom for andre plagg, oftast bilde som viste kva ein kunne venta å finna inni bladet. Sju år seinare vart det også gjort noko med det aller øvste plagget: Namnet som står heilt på toppen liksom ein hatt. Den vart ikkje kasta, men bytt ut med ein litt mindre ein. Frå 1991 heitte ikkje bladet lenger Fusa kyrkjelydsblad, men Fusa kyrkjeblad.

Alle desse fysiske endringane var det redaksjonsnemndene som sette i verk, men dei var ikkje eine om få dei utført. Ein sentral mann i arbei-

det med å få bladet til å sjå fint og leseleg ut, var Oddvar Kjosaa. Det var han redaksjonen leverte manus til. Så tok han layout på det ved hjelp av det datautstyret han hadde tilgjengeleg, og leverte det vidare til trykkeriet i Norheimsund.



Den utvida preikestolen og den romslege kyrkjebakken

Når me kikkar innanfor bladets klesdrakt, og les det som fyller sidene, ser me at bladnemndene heldt fram med tendensane som starta tidlegare på 80-talet, i Keilen si tid: Lesaren møter stadig fleire og meir varierte typar tekstar og bidragsytarar, både unge og gamle, kjenningar og framandfolk. Det verkar som folk lytta til oppfordringa som stod i bladet i starten av 1984: «Bruk kyrkjebladet til meldingar og ordskifte. La kyrkjelydsbladet verta ei liten erstatning for kva kyrkjebakken var i tidlegare tider!»

Bladets funksjon hadde verkeleg vakse sidan 20-talet då det vart kalla den «utvidede preikestol.» No skulle folk også

stolpen
lykte

Gudsteneste under open himmel

Velkomen til gudsteneste under open himmel, i naturens eigen katedral!

Søndag 5. juli skal gudstenesta vera på **Vinnesholmen**.
Søndag 27. juli om ettermiddagen blir gudstenesta ved **sjøen i Selvågen, Nordtveitgrend**.

Ta gjerne båt og kom sjøvegen. Pakk nistekorg, til dømes grillmat og grillutstyr, og bli med! Så blir det mat og få både for sjel og kropp - og ein dukkert for dei som vil. Det kan vera lurt å ta med noko å sitja på.

Regnar det går me i hus: Til bygdaheimen på Vinnes, eller til kyrkja på Sundvor.

Misjonsfest

Det vert misjonsfest på **Holdhus skule** **onsdag 19. august kl. 19.30**.


Misjonsprest Ståle Storaas, som kyrkjelysten støttar gjennom sitt misjonsprosjekt, vert med. Han er no heime på ferie. Han vil fortelja frå arbeidet i Sirba i Blånil-dalen. I to år har han vore einaste norske misjonær i dette avsideliggjande, veglause området, og stått for bygging av kyrkje, sjukestove og bustader. Det kan bli eit minnerikt møte med ein misjonær i eit pionerarbeid. Det vert offer til misjonsprosjektet.

Sommarkyrkje


Sommarkyrkje vert det også i år.

Dette var eit nytt begrep i fjor, knytt til Strandvik. I praksis gjekk det ut på litt fleire gudstenester i Strandvik enn andre stader i Fusa, og det var lagt til rette tiltak i forlenging av gudstenestene, som grilling i fjæra, tur til Haugsåsen osv. Ved alle gudstenestene var det song og musikk.

Sommarkyrkje i Strandvik startar opp 21. juni med tur langs den gamle postvegen til Fusa etter gudstenesta. Det går sjølvstøtt også an å gå denne vegen til kyrkje. Folk vert oppmoda om å



Friteluftsgudsteneste frå Vinnesholmen i fjor sommar.



Misjonsprest Ståle Storaas

Frå nr. 4 1998.

4

Fusa kyrkjeblad 88 år: nr. 3:2022

få ein romsleg kyrkjebakke heim i stova. Informasjon om alt som skjedde i soknet fekk stor plass, enten som kunngjeringar om det som *skulle* skje – slik som i spalta «På lyktestolpen» på 90-talet –, eller i glimt frå det som *hadde* funne stad, som i den fargerike «Sidan sist»-sida.



Frå nr. 6 2008.

Den delen av innhaldet som gjekk gjennom størst endring i tida etter redaksjonsskiftet, var andakta. I opphavet var den kjernen i *Fusa menighetsblad*, som i alle kyrkjeblad. Ho var skriven av ein geistleg og var i lange tider plassert på framsida. I det fyrste nummeret etter at det ikkje lenger var prest eller kapellan som var redaktør, skreiv det nye bladstyret: «*Prestane vert nytta som konsulentar og faste skrivarar.*» Enno var det gjerne dei som skreiv andakta, men det synest å ha vore eit ynske frå bladnemndene å få fleire røyster med i forkynninga, og ein må seia at dei lykkast med det. Frå 80-talet og framover vart preika i bladet halden av både leke og lærde - og ein del som me kan kalla «halv-lærde», dvs. folk tilsette i soknet i andre rollar enn som teolog. I byrjinga av 1989 møtte

lesarane til dømes si nyttilsette kyrkjevevjerje, Johannes Ryland, når han trådde opp på den «utvidede preikestol» og «talte» til kyrkjelyden.

I somme årgangar er berre ein knapp tredjedel av andaktane haldne av teologisk utdanna menneske, men nemnda hadde ikkje gløymd dei geistlege. I dei blada der lekfolk heldt andakta framme i bladet, finn me oftast spalta «Soknepresten fører ordet» eller «Soknepresten har ordet» lenger uti. Kanskje ikkje før på nest siste side, men han er med.

Nytt i høve til den tidlegaste tida er at ikkje alle nummer i kyrkjebladet inneheld ei tradisjonell andakt i det heile. Av og til blir ho erstatta av ei samling vers eller bibelord; av og til uteblir forkynninga på dei to fremste sidene fullstendig. Det vert lagd merke til blant faste lesarar. Redaksjonen skal ikkje sleppa mange andaktslause nummer frå seg før den blir etterlyst. Om me vender tilbake til bildet av bladet som ein kropp, kan me difor godt seia at det enno er andakta som er ryggrada i bladet – slik ho var det for hundre år sidan.


Forskjellen frå den gongen og no, er altså ikkje så mykje ryggrada i seg sjølv, men alt det som er rundt. Bladet har fått mykje meir kjøt på beina og dermed plass til anna enn direkte forkynning. Det verkar nesten som om nemndene på 80-talet og framover hadde fått med seg den kyrkjeblad-undersøkinga som nokre NHH-studentar gjorde på 70-talet (nemnd i førre nummer), eller så var dei berre del av same trenden, alle saman, for *Fusa kyrkjelydsblad* følgde akkurat råda studentane gav om å la bladet spegla av folks liv på ein klarare måte. Me ser mange fleire reportasjar frå turar og andre arrangement, korte og lengre intervju med lokale personar, og framfor alt ein nærast eksplosiv auke i barnestoff.



Barna si tid


Barn og unge hadde vore tema i kyrkjebladet tidlegare òg, men det var fyrst på 1980- og -90-talet at bladet vende seg direkte til dei unge og tydeleg ville ha dei med både som lesarar og bidragsytarar.

For å få fart i dei unge, lyste bladet i 1988 ut ein teiknekonkurranse der dei kunne senda inn teikningar til årets julenummer. Det resulterte i denne fine framsida.



Frå nr. 4 1983.

Det var på byrjinga av 90-talet barnestoffet hadde si glanstid med meir eller mindre to faste sider i kvart nummer. Dei var fargerike og fine, ofte henta frå BARNAS Søndagsskoleblad. Frå midten av 90-talet har mengda barnestoff bølga fram og tilbake. Enkelte årgangar finst det lite, i andre pe-



Frå nr. 6 1988.

riodar har det fått faste sider, som i 2001 då spalta «Hildegunns hjørne» kom inn, med premiekryssord og anna moro. Det var del av prosjektet «Desentralisert dåpsopplæring», men også utan spesifikke program og faste spalter har fokuset på barn og unge festa seg i bladet.



Folk si tid

Parallelt med søkelyset på dei minste, auka bladet interessa si for menneske generelt, for einskildpersonar. Under overskrifta «Vår gjest» eller «Våre gjester» vart portrettintervju eit nokolunde fast innslag frå 1994. Oftast vart fokuset vendt mot personar som lesaren kunne støyta på i butikken eller i kyrkja, kjensfolk altså, men det fanst unntak. I 1995 kunne folk i soknet få svar på spørsmålet: «Hva mener kongen?». Erling Rimehaug frå Vårt Land hadde intervju Harald V i samband med 1000 års-jubileet for kristendomen i Noreg, og kongens svar nådde heilt ut til Fusa. Seinare fann nemnda atter fram til ein smule meir lokale intervjuobjekt.

Redaksjonen tok oftast sjølv på seg jobben med å spørja folk ut. I den fyrste tida var det Ola G. Skåtun som førde dei aller fleste intervju. Han var med i bladnemnda i åra 1993-97 og skreiv mangt og mykje. Etter Skåtun tok Astrid Heidal og Ole Bjørn Eikeland over som journalistar, og bytte på å intervju folk. På 2000-talet, då Erlend Bergesen og Sissel Ø. Valvatne var med i nemnda, tok dei nokre av samtalanene, men det er Heidal

og Eikeland som har fretta flest folk ut til ære for bladet.

Me merkar oss det fiffige knepet journalistane har, - medvite eller umedvite -, med å marknadsføra soknet gjennom intervjuobjekta. Då Morten Holmefjord blei intervju av Astrid Heidal i 2004, gleda det nok mange å lesa Fusa-kongen sin CV. Den er kort, men høgst relevant: *"10 år på søndagsskulen – Fire år ved Kunsthøgskulen i Bergen, Akademiet"*. Og sjå den fine overskrifta på samtalen med Lars Erik Dalland som var kommunestyret sin representant i Fusa sokneråd på byrjinga av 2000-talet: *«Meir spennande enn venta»*. Når me hugsar på at det er ein lensmann som seier dette, eit menneske som lever med eit noko høgare spenningsnivå enn dei fleste, må det kunna kallast god reklame for rådet, og noko å leggja seg på minne for alle som fjerdekvart år blir spurdt om dei vil stilla til val som soknerådsmedlem. Dette intervjuet førde til ein fyrst intern, deretter ein open diskusjon om kven som hadde eldst tittel, kyrkjeverja eller lensmannen.

FUSA KYRKJEBLAD


Lensmann eller kyrkjeverje eldst?

TEKST OG FOTO: ASTRID HEIDAL



Lensmannen feira sitt 800-års jubileum i 1993, fortalde Lars Erik Dalland i eit intervju i mai-nummeret av kyrkjebladet. Det tyder at lensmannstittelen var brukt så tidleg som i 1193, og er den eldste i noreg...

Kyrkjeverje Harald Geir Sæther ymta då frampå om at hans tittel skal vera eldre. Funksjonen kyrkjeverje finn ein dokumentasjon på - frå Venezia på midten av 1100-talet. I året 1150 vart ei verje oppnemnt for San Marco kyrkja i byen.

Boka om kyrkjeverjer gjennom 800 år, *Fra ombud til "kirkens rådmenn"*, slår - med eit spørjeteikn - fast at det var

LENSMANN LARS ERIK DALLAND OG KYRKJEVERJE HARALD GEIR SÆTHER VIL DOKUMENTERA FOR KVARANDRE KVEN AV DEI SOM HAR DEN ELDSTE TITTELEN I LANDET.

slik kyrkjeverjeordninga oppstod. Men dei lærde er ikkje heilt einige.

I 1153 vart også ein kyrkjeverjefunksjon nemnt av erkebiskopen av York i England. Ordninga kom tidleg

til Noreg, seinast i 1170, hevdar Dag Østerberg i boka *Sosiologiens nøkkelbegreper og deres opprinnelse, frå 1977*. Så, lensmann og kyrkjeverje, kan me seia at saka er avgjort?

FUSA KYRKJEBLAD
FULLDISTRIBUSJON



Nr. 4 August 2020 Årgang 86 år

Eg hugsar godt haustdagen i 1927 då den nye fine Sundvor kyrkje vart innvigd. Les meir på side 7.

Nr. 4 2020.



Frå nr. 5 2001.



Tevlinga vart vunnen av kyrkjeverja med om lag tjue år. Det embetet skal ha funnest i Noreg frå om lag år 1170, lensmenn berre ifrå 1193. Eldgamle tradisjonar å bera vidare for begge to i alle fall, og sidan nett desse to har stått svært sentralt i soknet og fellestrådet sitt arbeid dei siste tjue åra, passar det å ta dei fram her, - utan at me trur at det er striden om det eldste embete dei kjem til å bli hugsa lengst for.

Eit anna menneske som har vore med på å forma kyrkjelivet i Fusa dei siste tiåra, er kantor Iman de Zwarte. Oftast er han berre å høyra, ikkje å sjå, men som nyttilsett i 1998, trådde han til også synleg i kyrkjebladet, fyrst som intervjuobjekt, deretter som skribent, med det ikkje altfor overraskande tema: Salmar. Spalta «Ein salme å bli glad i» følgde bladet gjennom 1998 og 1999 i alle nummer, deretter sporadisk nokre år etter.



Frå nr. 2 1999.

Då Iman vart presentert for kyrkjelyden gjennom kyrkjebladet i 1998, fortel han at «Organistjobben er ein flott jobb, og i tillegg får eg betalt for den!» «Har kona di arbeid i Fusa?», spør journalisten og får til svar: «Ho er heimeverande i 200%.»

Ein salme å bli glad i

Påskeunderet i ord og tonar

Påskesalmen på framsida kom på trykk i 1624 i Amsterdam med den svære tittelen: Ein salme om kvifor det var naudsynleg at Kristus reiste seg or grava. Over teksten stod ei tvising til melodien "De liefde voorghetrag", truleg ein verdsteleg folketone om kjærleiken. Påskesalmen hanna eter kort tid i gloymsla, men vart ein kjent og kjær påskesalme i England. Der heiter den framleis "This joyfull Easter tide". Via England vart så, for ca. 15 år sidan, salmen rehabilitert i Nederland, sjølv om den fekk ein heilt ny (påske)tekst. Også via England kom denne melodien til Noreg, der Svein Ellingsen omsette den engelske teksten til norsk. Me finn den no i "Salmer 1997" på nummer 25. Eit særmerkt element i melodien ser me i om-

kvedet. "Men se, vår Frelser lever! Han lever! Han lever! Han oppstod og han lever!" Der byrjar melodien nede på skalaen og går opp kvar gong teksten gjentek ordet "lever" og når sin høgdepunkt på "han oppstod og han lever". Den nederlandske originalen gjentek ordet "verrezen", den engelske teksten har "arisen" som er nærare originalen. Utfordringa for Ellingsen var då å nå opp til originalen. Sjølv om han var nøyd til å finne på ein friare vri har han lukkast strålende. No har også nordmennene fått ein flott påskesalme der påskeunderet vert gjengitt både i tekst og i melodien. **God påske!**

Frå nr. 2 1999.

Organisten var optimistisk og freidig med omsyn til arbeidet sitt. «*Visjonen hans er å gjera kyrkja i Fusa til ein syngjande kyrkjelyd. [...] Han håpar at folk vil opna munnen og syngja av full hals.*»

24 år etter lurar me på om han har nådd dette målet, og spør han rett ut: «Syng folk meir i kyrkja no enn då du kom hit? Er fusingane blitt ein syngande kyrkjelyd?» Iman treng ikkje eingong tenkja seg om før han svarer: «Det viste seg at det allereie var ein syngande kyrkjelyd her. Så heldig var eg.»

Målet hans vart dermed gjort om til å halda songen ved like, og då veit han at det er viktig å spela med passeleg volum. «Blir det for lavt, vågar ikkje folk å syngja; blir det for høgt, skvetter folk tilbake og lurar: Kva er dette for noko?» Dei som har høyrte Iman, veit at han trivst godt med å trøkka til, og det gjeld overalt. Heldigvis har han ikkje nokon favoritt blant orgla i soknet. Dei er som ulike tre i ein frukthage, kvar med sin stil, og umoglege å rangera, seier han. «Det blir som å samanlikna eple og pærer. Éin dag speler eg på eple, ein annan dag pære. I dag blir det banan.» Så kan kvar og ein av oss tenkja etter kva kyrkje som har eit eple-orgel på galleriet, og kvar bananen står.



Fylde og kjerne

I løpet av sine hundre år har kyrkjebladet skifta klede fleire gonger. Det har vakse, både i høgd og breidde. Stadig fleire røyster har kome til orde gjennom det, og det er blitt meir skimrande i leten, med illustrasjonar og fargar av alle slag. Det har hatt mange titals personar til å styra seg, og det har dei gjort på ulikt vis, men ingen av dei har mista det opphavlege målet av synet: Å spreia evangeliet, heilt ut i postkassane, og å knyta folk i soknet saman, både seg imellom og til kyrkja.

Om lag midt i dette livsløpet, for vel 50 år sidan, fekk bladet tilsendt ein hyllest. Det er ikkje underleg at redaktør Farestveit sette lovprisinga på trykk. No når bladet har overlevd i femti år til, unnar me jubilaranten å ta godorda fram att:

Ei helsing til lesarar av kyrkjelydبلادet

Mitt kjære gode kyrkjeblad,
du gode vennen min,
du kjem so stille til kvar stad,
vi deg i posten finn.

Det fyrste bladet minner om
er huset der Gud bur,
og ordet seier du er nær
hjá kvar og ein som trur.

Når du no går då stille ferd
i mange heimar inn,
so tak ei helsing med deg då
frå Himmelvenen min.

6

Han elsker deg som einsleg sit
i sorg og saknad sår.
Han veit at hjartesa ra blør
so titt i tunge år.

Men han kan gjeva meir til deg
enn det han frå deg tok,
om du vil lesa Bibelen,
den gode gamle bok.

Han seier der han elsker enn
det barnet som drog bort.
Men du må heimatt skunda deg,
for kvelden kjem so fort.

Han elsker deg som gamal er,
deg ingen hugsar på.
Han ingen gloymer her på jord,
Han kan oss alle sjå.

So seier han at me skal be,
so kan me allting få.
Me søkja må Guds rike fyrst,
og får so alt attpå.

Ja, tida er so kort for oss
som lever her på jord.
Gud gjev at me kan motast då
ved Lammets brudlaupsfest.

Gud signe so vårt kyrkjeblad,
Gud signe presten vår.
Gjev helsingar som kjem frå Gud
til mange hjarto når.







S. K.

Frå nr. 2 1969.

Diktet er signert S.K. Me veit ikkje meir enn det. Er det nokon av lesarane som kan tenkja seg kven som skjuler seg bak dei initialane?

Aller sist vil dagens redaksjonsnemnd gjera som Søren Hansen gjorde då bladet var nyfødt, og som redaktørar og nemnder har gjort jamleg sidan den tid: Oppfordra kvar og ein til å tenkja etter om du har noko som det kunne vore nyfike og godt for andre å ta del i. Send det inn til redaksjonen, enten det er ein ferdig tekst, ein illustrasjon, eller ein nyoppsprungne idé. Me trur at eit kyrkjeblad som ikkje berre er for folk i soknet, men også av det, er det beste!

Tusen takk til alle som har gjeve opplysningar og innspel til denne jubileumsforteljinga!



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no




Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre - beslag - takstoler - takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

Fusa Ferdigbetong as



5640 Eikelandsofen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 - 18.00
Laurdag kl. 10.00 - 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjellev.no



Fusa

Man-fre **8-21**

Lørdag **9-20**

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



FUSA AUTO A/S BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



* 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund
Tlf. 97 59 24 88
post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker



PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no

www.solheimelektro.no

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/S

Rørteknikk



☎ 56 58 09 90 🌐 hordalandrorteknikk.no

✉ post@hrt.as 📧 Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slekning eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!

*En verdig og
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

SPAR



Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no





Walk and Run 2022 -

Vêrmeldingane for laurdag 21. mai skapte litt bekymring hos arrangørane av Walk and Run 2022, men då dagen kom var folkefesten eit faktum. Trass mørke skyer over både Europa og Eikelandsosen; Fusa-folket stiller opp for å hjelpe brannskadde barn i Etiopia!

Takk til alle deltakarar, gjevarar, sponsorar og alle som var med på å gjere Walk and Run 2022 til ein suksess!



Du kan framleis gje ei gåve til Walk and Run.

Gåver frå kr. 500,- gjev rett til skattefrådrag.

Fusa sokneråd sin bankkonto:
3530 25 86215. Merk "Etiopia".
Vipps Walk and Run - #699949.

Takk for di støtte!

Og der gjekk fellesstarten!



Fjord'n barnekor, Eikelandsfjorden Musikklag og mannskoret Koralrevane bidrog med flott song og musikk.



100x100! Friluftsklubben Noah selde grillpølser til 100-kroner pølsea – og dei selde nesten 100 pølser!



Folkefest i ei uroleg tid



Folkevandring ut frå målområdet når fellesstarten gjekk.



Walk and Run famnar alle! Her er den eldste påmeldte i løpet, Gudrun Skåthun (93 år) og den yngste, Ine Legland (1 mnd).



Heile 15 ekvipasjar deltok i trillebårløpet. Det vart høgt tempo og stor underholdningsverdi – og ingen ulukker, men store summer inn til prosjektet.



Bedriftsstafetten vart vunnen av Strøyma, i hard konkurranse med Fusa Brann og Redning, L.Hjertnes AS, Veterinærlaget og Fusa sokneråd.



Alle foto: Fusa sokn



Konsert med Vossagospel

Måndag 13. juni kl 19.00 vert det konsert med Vossagospel i Eikelandsosen bedehus

Me gler oss til å få besøke Eikelandsosen denne dagen, og håpar at mange nyttar sjansen til å få med seg konserten denne kvelden.

Gospel er glad-musikk og Vossagospel syng sjølvstøtt mange slike songar. Men koret har også den seinare tid øvd inn ein del kjente norske viser. Me kan derfor love eit variert repertoar på konserten.

Dirigent for koret er Tom Jarle Istad Kristiansen. Me er veldig glade for å ha han med oss. Han er utruleg dyktig og er med å bidrar til at dette vert eit høgdepunkt i starten av veka.



Billetter kan kjøpast på nettet på Hoopla.no Søk på Vossagospel, så dukker billettane fram. Det vert også selt billetter i døra før konserten.

Billettpriser: Vaksne kr 200,-

Barn/ungdom opp til 18 år kr 50,-

Arr:Vossagospel

Solidaritetskonsert for krigsofre

Fredag 17. juni kl.18.30 skipar Fusa sokn til konsert i Fusa kyrkje

Målet er å setje fokus på solidaritet med menneska som er ramma av krigen i Ukraina og samle inn pengar til arbeid blant internflyktningar. Fusa sokn har oppretta kontakt og har samarbeid med ein evangelisk luthersk kyrkjelyd i Ivano-Frankivsk i vest-Ukraina og støttar i 2022 deira arbeid for internflyktningar og lokalbefolkning.

Aktørar som stiller opp for føremålet i konserten: Victoria Bakka, Sine Nomine, Maria Lister Midtrød, Sjansespel m.fl.



Jubileumskonsert i Fusa kyrkje

Fredag 2. september er det nøyaktig 60 år sidan Fusa kyrkje vart vigsla. I anledning jubileet vert det skipa til ein konsert der mezzosopran Siv Oda Hagerupsen, trompetist Aksel Henning Holdhus og kantor Iman de Zwarte vil medverke. Konserten byrjar kl. 19:00.

Noter datoen alt no og følg med i lokalavisa og på Fusa sokn si Facebooksida for nærare informasjon seinare.



Open kyrkje i Strandvik

Tysdag 21. juni vert det siste «Open kyrkje» i Strandvik før sommaren

Ingvar Nistad vil lese frå eigne verk i avveksling med blokkfløyte- og orgelmusikk ved Rianne og Iman de Zwarte.

Etter sommaren fortset me med «Open kyrkje» kvar tredje tysdag i månadane september, oktober og november til same tidspunkt, kl. 19:00 – 20:00.





Ein ivrig ung bonde hadde kjøpt eit gammalt småbruk i Hålandsdalen. Han hadde lagt ned stor innsats for å få det i skikkelig stand. Då han var ferdig etter mange månader og bruket stod der i all sin glans, kom presten forbi. «Så fint det har blitt», sa han. «Med vår Herres hjelp har du verkeleg lukkast!» «Å...», svarte bonden, «presten skulle ha sett kor skralt det stod til her når vår Herre hadde ansvaret for vedlikehaldet åleine».



Rekord-sal på Bruktbuo under Walk and Run. Dei frivillige på Bruktbuo gjorde ein stor innsats. I tillegg til rekord-sal i butikken, selde dei lodd i vårлотteriet, kaffi og heimebakte bollar og delte ut frukt og saft til alle del-takarane.



Bruktbuo er ein viktig aktør i lokalmiljøet i Fusa og ein viktig bidragsytar til Childrens Burn and Wound Care Foundation; hjelp til brannskadde barn i Etiopia. Bruktbuo har ope i heile sommar – **Velkommen innom!**



Lillian Rose Eriksen overbringer helsing frå Dr. Einar Eriksen, og får store sjekkar frå Fusa-folket i retur. Einar Eriksen var sjølv i Etiopia og opererte pasientar når Walk and Run gjekk av stabelen.

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE
ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspfleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169
SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER
SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no



Konfirmantar i Fusa 2022



Konfirmantar Sundvor 30. april:

Sokneprest Einar Ekerhovd, Nicolai Bergesen, Paul Gavin Hauge, Joakim Frøyseth Gjør, Vilde Rolland Vik. Foto: Eirun Bjotveit Fonneland.



Konfirmantar Fusa 1. mai kl. 10.00:

Sokneprest Einar Ekerhovd, Vegard Rosvold, Sverre Samnøy Olsen, Mariell Boge, Jøran Næss Boge, Andreas Lundervik, Kjetil Nesbø. Foto: Eirun Bjotveit Fonneland.



Konfirmantar Fusa 1. mai kl. 12.00:

1. rekke: Sokneprest Einar Ekerhovd, Svein Almås-Opheim, Norah Hjartnes Skåtun, Adelen Eira Mikkelsen, Mads Sagstad-Hjelle, Helge Lu Hope. 2. rekke: Anders Røssland Håvik, Lars-Olav Solheim, Bjørnar Boge Eriksen, Henrik Aadland Nesheim, Tony Lund Øksnes. Foto: Eirun Bjotveit Fonneland.



Konfirmantar Strandvik 7. mai:

I. rekke: Silje Vik, Helena Vindenes Tuft, June Nathalie Tveit, Anna Sørheim. 2. rekke: Sokneprest Einar Ekerhovd, Oliver Bergheim, Elias Haugen Vindenes, Frida Sofie Bjørndal Milde, Celina Henanger Stigen, Emma Malén Hauge Grindheim. Foto: Norunn Rød Markhus.



Konfirmantar Hålandsdalen 8. mai kl. 10.00:

I. rekke: Rachel Ann Rød Lamp, Malin Berge Hjartnes, Anna Skjelbreid Poirée, Ingri Skjelbreid Gjelland. 2. rekke: Sokneprest Einar Ekerhovd, Aleksander Haga Gjøen, Alexander Åsvang Rød. Foto: Norunn Rød Markhus.



Konfirmantar Hålandsdalen 8. mai kl. 12.00:

I. rekke: Maya Emilie Bugge Furubotn, Amalie Nilsen, Gjertine Thunold Gjerdevik, Ada Emilia Tveitnes. 2. rekke: Sokneprest Einar Ekerhovd, Lasse Kolltveit, Alexander Waage Nybø. Foto: Norunn Rød Markhus.





Leiargruppa i ungdomsarbeidet i Gods Glory Church.

Bli med å hjelpe!

Alle foto privat/Gods Glory Church

Krigen i Ukraina ser ut til å bli ein langvarig krig. Som medmenneske er det vår oppgåve å støtte menneska der i deira trengsler. I samarbeid med Ivan Tymchuk, som sjølv er frå Ukraina, har me her i kyrkja i Fusa no etablert kontakt med ei luthersk kyrkje i hans heimby Ivano- Frankivsk. Forsamlinga heiter «Gods Glory Church». Med begrensa midlar og ressursar hjelper dei til der det trengst etter beste evne. Me ynskjer å støtte dei økonomisk slik at dei kan nå ut med hjelp til fleire. Fusa sokneråd sin kontakt i kyrkjelyden er leiaren i kyrkja, pastor Volodymyr, samt kyrkjelydsmedlem Natalia Serbyn. Natalia er barndomvenninde av Ivan. Ho er ei aktiv dame med brennande engasje-

ment for lokalsamfunnet sitt, særleg diakonalt og humanitært arbeid. Midlane som blir samla inn her i Fusa vil fyrst og fremst nyttast til fylgjande prosjekt:

1) Etablering av matlager der både flyktingar, medlemmane i forsamlinga og lokalbefolkninga ellers kan hente ut varer ved behov. Krigssituasjonen endar seg dag for dag, inflasjonen er høg og matvareprisane stig. Forsamlinga ynskjer med dette tiltaket å vere førebudd på å hjelpe dei som treng støtte til mat på bordet.

2) Matutdeling og stell til fattige, heimebuande gamle. Mange gamle



Vår lokale kontakt, Natalia, då ho vart døypt. Mannen til høgre er pastor i forsamlinga, Volodymyr Prudyus.

bur åleine då barna ofte har utvandra til andre land i Europa for å sikre jobb. Eldre folk dyrkar jorda og livnærer seg på denne måten, men når helsa sviktar klarar dei ikkje dette lenger. Det fins få sosialarbeidarar i lokalsamfunna og gamle blir ofte nedprioritert til fordel for flyktingar, men også desse treng hjelp.

Soknerådet har bestemt at 20 % av all kollekt som blir samla inn i kyrkjeof-fer ut 2022 vil gå til desse prosjekta i Ukraina. I tillegg blir det skipa til ein solidaritetskonsert fredag 17. juni kl 18.30 i Fusa kyrkje. Me håpar mange vil støtte opp om denne konserten; sjå omtale for konserten på side 14. **TAKK FOR ALL STØTTE!**



Gudsteneste i «Gods Glory Church».

Gudstenester i Fusa sokn

05.06.2022 - 25.09.2022

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Juni				
05.06.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
06.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
12.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssundag
19.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	2. søndag i treeiningstida
19.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	2. søndag i treeiningstida
26.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i treeiningstida
Juli				
03.07.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	4. søndag i treeiningstida
10.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	5. søndag i treeiningstida
17.07.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
24.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	7. søndag i treeiningstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Olsok
31.07.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	8. søndag i treeiningstida
August				
07.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	9. søndag i treeiningstida
14.08.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	10. søndag i treeiningstida
21.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
28.08.	11:00	Hålandsdal	Gudsteneste	12. søndag i treeiningstida
September				
04.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
04.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
11.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Vingardssundag
18.09.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	15. søndag i treeiningstida
18.09.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	15. søndag i treeiningstida
25.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	16. søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

Hålandsdalen kyrkje

03.04.2022 Gabriella Haukefær

30.04.2022 Maya Emilie Bugge Furubotn

Strandvik kyrkje

07.05.2022 Mathilde Dalland Ekren

22.05.2022 Birk Aarra

22.05.2022 Emilie Da Rosa Aksnes



Gravferd

Sundvor kyrkje

01.04.2022 Harald Dalheim, f. 22.04.1933

06.05.2022 Eldbjørg Gurine Sundvor, f. 21.06.1932

Hålandsdalen kyrkje

24.03.2022 Roy Hamre, f. 12.02.1953

06.04.2022 Kari Riise Tjønn, f. 05.08.1934

Strandvik kyrkje

28.04.2022 Hein van Greevenbroek, f. 17.09.1958
(Bisetjing)

13.05.2022 Kjellaug Tveit, f. 03.10.1941 (Bisetjing)

Sævareid kapell

05.05.2022 Harry Haugen, f. 16.01.1940



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen



Sidan sist
Fjerd' barnekor held sesong-avslutnings-konsert for fullsatt bedehus. Foto: Hans Einar Markhus.



Familiemix-gudstenestene i Eikelandsosen bedehus samlar godt med folk i alle aldrar. Her frå «Barnas påskefest» søndag etter påske. Foto: Ingebjørg Sundfjord Gjørn.



«Kristus er oppstanden – ja, han er sanneleg oppstanden!» Fullt hus i Fusa kyrkje 1. påskedag! Foto: Norunn Rød Markhus.



Fredag før påske arrangerte kyrkjelyden temakveld om «Jesus i påska». Maia Inbar frå organisasjonen «Jews for Jesus» underviste og leia lyden gjennom sabbatsmåltid. Foto: Norunn Rød Markhus.



Mange nytte både turen og naturen og deltok på friluftsgudsteneste ved Havsgårdsvatnet 2. påskedag. Foto: Norunn Rød Markhus.